


Ei sak til før Døssland har klart prøven

11.03.2009



Bjarte Døssland har teke halvparten av høgsteretsprøven. (Foto: Kvinnheringen)

Advokat Bjarte Døssland frå Uskedalen, som sist veke prosederte ankesaka om Muradalen i Høgsterett, fekk saka godkjent som prøve for å føra saker for denne høgste retten i landet. Det vart bestemt av dommarane etter saka, som truleg blir pådømt i denne veka. Men det står att å få ei sak til godkjent, opplyser han til uskedalen.no

Advokatane som før hadde høve til å bera tittelen høgsterettsadvokat heiter i dag advokat med møterett i Høgsterett og Døssland er altså på veg til å bli ein av dei.

'Har vist seg skikket for sakførsel i Høgsterett', heiter det i domstollova.

Døssland seier at det var kjekt å få denne attesta for ein sak, men at utfallet av sjølve ankesaka er det viktigaste samtidig som halvparten av høgsterettprøven altså står att.

Det følgjer av domstolslovas paragraf 221 andre ledd at høgsterettprøven består av to saker, der minst ei må vere sivil sak for ankande part.

- Og når kan du så ta resten av prøven?

- I og med at eg berre har fått mi første sak godkjent, må eg nok vente ei stund på møteretten. Det kan ta ein del tid i og med at berre 15 prosent av påanka saker i det heile slepp inn til ankebehandling, seier Døssland.

Av Ola Matti Mathisen